



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Til alle på adresseliste

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Vår dato: **13 FEB 2009**

Vår ref.: 200900581-2 ki/lami

Arkiv: 312/033.B

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Lars Midttun

22 95 91 77

Lyse Produksjon AS - Melding med forslag til utgreiingsprogram for Urdavatn og Nes kraftverk, Hjelmeland kommune i Rogaland

NVE har motteke ei melding med vedlagt informasjonsbrosjyre frå Lyse Produksjon AS om utbygging av vassfallet mellom Sandvatn og Nes i Ryfylke. Vassdraget ligg i Hjelmeland og Forsand kommunar i Rogaland.

Utbyggingsplanane omfattar etablering av tappetunnel frå Lyngsvatn til Sandvatn. Vidare skal det etter planane byggjast eit inntak i Sandvatn og vatnet førast i tunnel og røyrgate til kraftstasjonen ved Urdavatn. Rett nedstraums Breidavadet etablerast eit nytt inntak og vatnet førast i tunnel og røyrgate til kraftstasjonen like under Åse. I eit mellombels år vil kraftverka samla produsere omkring 93 GWh noko som tilsvarar straumbruken til ca. 4650 husstandar.

Føremålet med meldinga er å klargjere dei konsekvensar ei eventuell utbygging av Urdavatn og Nes kraftverk vil ha for miljø, naturressursar og samfunn. Vi ber derfor særskilt om fråsegn som gjeld forslaget til utgreiingsprogram, t.d. tema som det bør fokuserast på i dei etterfølgjande konsekvensutgreiingane og forhold som det bør leggjast vekt på i den vidare planlegginga av kraftverka. På bakgrunn av meldinga og fråsegnene, vil NVE fastsetje det endelege utgreiingsprogrammet for konsekvensutgreiinga som skal følgje ein eventuell søknad.


Melding og brosjyre vert lagt ut på NVE sine heimesider www.nve.no/vannkraft-ku og vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa er lagt ved. Dersom det er ønskjeleg med papirutgåve av meldinga, kan ein kontakte Lyse Produksjon v/Arild Stene på telefon 51 90 86 93/934 88 724 eller e-post arild.stene@lyse.no.

Vi ber Hjelmeland kommune om å leggje ut to eksemplar av meldinga med brosjyre så snart som mogleg til offentlig gjennomsyn på kommunehuset i Hjelmeland og Ryfylkebutikken i Årdal fram til 3. april 2009. Det eine eksemplaret av meldinga kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar) medan det andre ikkje må fjernast frå utleggingsstaden.


I løpet av høyringsperioden vil det bli arrangert eit folkemøte der representantar frå Lyse Produksjon AS og NVE vil orientere om utbyggingsplanane, forslaget til konsekvensutgreiing og den vidare sakshandsaminga. Møtet vil bli arrangert på Høyland gardshotell i Årdal den 12. mars 2009, kl. 19:00.

Fråsegner til meldinga kan sendast til NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo eller per e-post til nve@nve.no, **innan 3. april 2009**. Fråsegner eller delar av fråsegner, vil verte referert i NVE sitt vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det derfor ein fordel om det er utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing



Øystein Grundt
seksjonssjef



Lars Midttun
overingeniør

Vedlegg: Adresseliste
 Kunngjeringstekst
 Melding med brosjyre (Hjelmeland kommune)

Adresseliste for: Melding om Urdavatn og Nes kraftverk, Hjelmeland kommune i Rogaland
Handsamast etter: Plan- og bygningslova
Vert kunngjort av NVE ved Mediaedge: cia Norway ein gong i: Bygdaposten, Strandbuen og Stavanger Aftenblad

Til info	Ant. meld.	Namn /adresse
	6	Hjelmeland kommune, Kommunehuset, 4130 HJELMELAND
	-	Forsand kommune, Kommunehuset, 4110 FORSAND
	-	Fylkesmannen i Rogaland, Postboks 59, 4001 STAVANGER
	-	Rogaland fylkeskommune, Postboks 130, 4001 STAVANGER
x	-	Olje- og energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 OSLO
x	-	Statens landbruksforvaltning, Postboks 8140 Dep, 0033 OSLO
	-	Direktoratet for naturforvaltning, 7485 TRONDHEIM
	-	Bergvesenet, Postboks 3021 Lade, 7441 TRONDHEIM
	-	Statens Vegvesen Region Vest, Askedalen 4, 6861 LEIKANGER
	-	Kystdirektoratet - Kystverket, Serviceboks 2, 6025 ÅLESUND
	-	Kystverket Vest, Postboks 466, 5501 Haugesund
	-	Fiskeridirektoratet Region Vest, Postboks 274, 6701 MÅLØY
	-	Norges Geologiske Undersøkelser, 7491 TRONDHEIM
	-	Riksantikvaren, Postboks 8196 Dep, 0034 OSLO
	-	Lyse Elnett AS, Postboks 8124, 4069 STAVANGER
	-	Friidrettens fellesorganisasjon, Nedre Slottsgate 25, 0157 OSLO
	-	Samarbeidsrådet for naturvernsaker, Youngstorget 1, 0181 OSLO
	-	Naturvernforbundet Rogaland, Postboks 441, 4002 STAVANGER
	-	Norges Naturvernforbund, Postboks 342 Sentrum, 0101 OSLO
	-	Den Norske Turistforening, Youngstorget 1, 0181 OSLO
	-	Stavanger Turistforening, Postboks 239, 4001 STAVANGER
	-	Norges Jeger- og Fiskerforbund, Postboks 94, 1378 NESBRU
	-	Norges Jeger- og Fiskerforbund Rogaland, Postboks 313, 4291 KOPERVIK
	-	Miljøstiftelsen Bellona, Postboks 2141 Grünerløkka, 0505 OSLO
	-	Norges Miljøvernforbund, Postboks 593, 5001 BERGEN
	-	Norges Padleforbund, Serviceboks 1 Ullevål stadion, 0840 OSLO
	-	Villreinnemda for Setesdalsområdet v/ Karl G. Hoven, Dallonaveien 8, 4621 KRISTIANSAND S
	-	Norsk ornitologisk forening i Rogaland, Postboks 372, 5751 EGBERSUND

	-	FNF-Rogaland v/ Stavanger Turistforening, Postboks 239, 4001 STAVANGER
	-	Norges Bondelag, Schweigaardsgt. 34, 0191 OSLO
	-	Landssamanslutninga av vasskraftkommunar, c/o Adv. firmaet Lund & Co DA Postboks 1148, Sentrum, 0104 OSLO
	-	NIBR, Biblioteket/KU-senter, Postboks 44 Blindern, 0313 OSLO
	-	Lyse Produksjon AS, Postboks 8124, 4069 STAVANGER
	6	Internt (NVE-RS, SVA, ER, KD, EN, KN)

KUNNGJERING

Lyse Produksjon AS – Melding med forslag til utgreiingsprogram for Urdavatn og Nes kraftverk, Hjelmeland kommune i Rogaland

NVE har moteke ei melding frå Lyse Produksjon AS vedrørande utbygging av vassfallet mellom Sandvatn og Nes i Ryfylke. Vassdraget ligg i Hjelmeland og Forsand kommunar i Rogaland.

Utbyggingsplanane omfattar etablering av tappetunnel frå Lyngsvatn til Sandvatn. Vidare skal det etter planane byggjast eit inntak i Sandvatn og vatnet førast i tunnel og røyrgate til kraftstasjonen ved Urdavatn. Rett nedstraums Breidavadet etablerast eit nytt inntak og vatnet førast i tunnel og røyrgate til kraftstasjonen like under Åse. I eit mellombels år vil kraftverka samla produsere omkring 93 GWh noko som tilsvarar straumbruken til ca. 4650 husstandar.

Meldinga skal handsamast etter reglane om konsekvensutgreiingar i plan- og bygningslova. På bakgrunn av meldinga og fråsegner til denne, vil NVE fastsette eit utgreiingsprogram for dei konsekvensutgreiingane som skal følgje ein eventuell søknad.

Meldinga er lagt ut til offentleg gjennomsyn på kommunehuset i Hjelmeland og Ryfylkebutikken i Årdal fram til fram til 3. april 2009. Den er òg tilgjengeleg på www.nve.no/vannkraft-ku. Dersom det er ønskjeleg med ein papirutgåve av meldinga, kan ein kontakte Lyse Produksjon v/Arild Stene på telefon 51 90 86 93/934 88 724 eller e-post arild.stene@lyse.no.

NVE vil arrangere eit folkemøte i forbindelse med meldinga den **12. mars 2009, kl. 19** på Høyland gardshotell i Årdal. På møtet vil representantar frå Lyse Produksjon AS og NVE orientere om planane for dei nye kraftverka, forslag til konsekvensutgreiing, og vidare sakshandsaming.

Fråsegner til meldinga kan sendast til NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo eller nve@nve.no, innan **3. april 2009**.